

Masfjordingen

Nr.6 - 2016
November

Masfjordingen er eit meldingsblad som er utgitt i samarbeid mellom Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn

Bispevisitas

I tida 25. til 30. oktober var det bispevisitas til sokna i Gulen og Masfjorden. I løpet av nokre hektiske dagar møtte biskop Halvor Nordhaug mange av dei som bur i bygdene våre. Han møtte politikarar, representantar for næringslivet og andre som på sine ulike vis er med på å bidra til eit godt nærmiljø for oss som bur her.

Visitasen vart avslutta søndag med visitasgudsteneste i Gulen kyrkje. Her heldt biskopen visitasforedraget sitt, som er hans oppsummering av det han har sett og opplevd under visitasen, og der han deler nokre av dei tankane han har om korleis ein skal fremje arbeidet i kyrkjelydane våre.

Her kjem eit lite attendeblick på noko av det som skjedde i samband med visitasen, samt ei oppsummering av visitasforedraget.

Frivilligfest

Tysdag kveld var det duka for å feira dei frivillige med kvite damer og eit mangslunge program frå kulturlivet i kommunane. Kulturskulen i Masfjorden presenterte både elevar og lærarar song og musikk med både piano og ulike gitarar. Brekke mannskor song fleire songar og oppfordra fleire til å verta med i koret. Opptakskravet er at dei er mannfolk, men det vil ikkje verta gjort opptaksprøve....



Elevar og lærarar frå kulturskulen i Masfjorden



Biskop Halvor Nordhaug takka frivillige og var tydleg på at utan frivillige ville det ikkje vera særleg med aktivitet i kyrkjene. Han var tydleg på si fotballinteresse og oppmoda forsamlinga å skyta frå spiss vinkel! For dei som ikkje kjenner seg heime på fotballbanen tyder dette å våga å gjera noko nytt, ta ein kjangs, våga å gjera feil, vera frimodige i vårt kall til å følgja Jesus. Til slutt lyste han velsigninga over forsamlinga.

Programmet vart leia av kyrkjevevjen i Gulen, Trude Brosvik, som hadde mange gode historiar på lur frå tidligare visitas og fleire var høveleg på kanten ettersom latteren runga høgt frå forsamlinga av frivillige.

Framhald på side 3

Gudstener

Søndag 6.november

Solheim kyrkje kl.14.00
Gudstenereste v/Jens Linde
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Søndag 6. november

Frøyset kyrkje kl.16.00
Gudstenereste v/Bjørn Magne Hansen
Takkoffer til Frelsesarmeen

Søndag 6. november

Sandnes kyrkje kl.19.00
Gudstenereste v/Bjørn Magne Hansen
Takkoffer til søndagsskulen

Søndag 27. november

Solheim kyrkje kl. 11.00
Gudstenereste v/Audun Systad
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Thailand

Søndag 27. november

Frøyset kyrkje kl.13.00
Gudstenereste v/Bjørn Magne Hansen
Takkoffer til Amnesty

Julekonsertar :

Sandnes kyrkje 10. desember kl.18.00

Frøyset kyrkje 11. desember kl.15.00

Solheim kyrkje 11. desember kl.18.00

Sjukeheimen 13. desember kl.17.00

Søndag 18. desember

Granneheimen kl 11.00
Gudstenereste v/Bjørn Magne Hansen
Takkoffer til Norsk Lærerakademi

Døpte

16.10 Benita Vågseth Hana

Vigdis Vågseth Kristoffersen og Andreas Hana
Fadrar: Marita Hana, Josefine Vågseth
Kristoffersen, Torill Vågseth Kristoffersen,
Margunn Vågseth Veland

16.10 Johannes Haugsdal Brakstad

Caroline Haugsdal og Kjetil Brakstad
Fadrar: Thomas Brakstad, Anette Haugsdal,
Line Merethe Solheim

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Kveldsbønn, av Alf Larsen

O Gud, hav takk for lys og luft,
for søndenvind og blomsterduft.
Vær priset for de skjønne skjær
og for det gode solgangsvær,
for måkeskrik og måkeegg,
for solgul lønn og snehvit hegg,
for jordens nye drakt hver vår,
for alle livets år!

Du lot hver morgen sol gå opp
og legge gull i furutopp
og farve havet himmelblått,
så vi sto opp med øiet vått.

Du satte brødet på vårt bord
og rakte sjelen livets ord,
gav ånden høie tankers flukt
og lengslen denne stille bukt,
hvor drømmen kunne gå til ro
på månelysets strålebro.

O underfulle menneskefærd,
den var vel all vår møie værd!
Hav takk for smerte og for lyst,
i hjemmet her på denne kyst,
hvorfra vi ser den fjerne strand
vi vet er livets land.

Besøk på skular

Kyrkja i Gulen har ulike samarbeidsprosjekt med skulane innan kunst og handtverk, biskopen var innom fleire klassetrinn på skulane i Eivindvik og Dalsøyra.

Gudsteneste i Frøyset

Pensjonistane var særleg inviterte til denne gudstenesta. Biskop Halvor Nordhaug fortalde at han likte godt den praktiske løysinga ved å kyrkjelyds-salen i ein vinkel ut frå koret. Han tolka òg altertavla i kyrkja der Jesus møter



fiskaren Peter som ikkje har anna enn to tomme hender å by Herren. Jesus ber likevel Peter om følgja han. Etter gudstenesta kaffi og kaker i kyrkjelydssalen som vart full av folk denne torsdagen.



Bedriftsbesøk på BKK i Matre

Fylgjet til biskopen var på bedriftsbesøk i Matre og fekk høyra om den nye turbinen som ligg om lag 10 meter under havoverflata.

Frode Langhelle frå BKK viser dimensjonane i den store fjellhallen.



Konfirmantane sin spørjetime

Alle konfirmantane frå Gulen og Masfjorden kommune var samla i Brekke kyrkje og stilte spørsmål til Halvor Nordhaug. Her var mange gode spørsmål og eit av dei konkrete og relevante for gifteklare var:

Kvifor er det ikkje lenger lov å få gifta seg på Skjerjehamn?

Biskopen kunne då forklara at retningslinjene for å gje løyve til vigsel utan for kyrkja er at det ikkje er i samband med komersiell verksemd og tilgjengeleg nok for prestane å koma fram til. Han hadde diskutert denne saka med dei 11 andre biskopane i landet og kom

fram til at det på nytt skulle verta høve til å gifta seg på Skjerjehamn.

Trur du på det som står i Bibelen?

Kjernen av det som står i Bibelen trur han på og var tydeleg på at mykje av det som står skrive er metaforar eller bilete for seia noko om korleis verda og menneska fungerer. Han tok fram skapinga om at Gud skapte verda på 6 dagar og kvilte den 7. dagen. Det viktige her er at det er Gud som er skaparen og at verda vart til for om lag 13 milliardar år sidan og at Gud har skapt folk og dyr gjennom evolusjonen sin gang.

Visitagudsteneste i Gulen kyrkje

Søndag 30. oktober var det visitagudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik. Forutan biskopen deltok prost, samt alle dei tre prestane som tenestegjer i desse to kommunane våre.

Til stades var representantar for alle sokneråda og fellesråda, og også tilreisande frå dei ulike sokna som var omfatta av visitasen.

Det vart ei høgtideleg gudsteneste med innslag av ulike aktørar.

Etter gudstenesta las biskopen opp visitasforedraget sitt.

Framhald s.4

Om bispevisitasen, framhald frå forrige side :

Biskopen rosa mykje av arbeidet i kyrkjelydane, men var også tydeleg på at kyrkja står framfor store utfordringar, ikkje minst med omsyn til økonomien.

Skiljet kyrkje - stat vil medføre utfordringar og truleg resultere i eit større behov for lokal finansiering av tenester. Som eit døme nemnde han situasjonen ein i dag har når det gjeld rammene for prestetenster i Gulen, Masfjorden og Solund kommunar.

Avslutningsvis presenterta han nokre utfordringar til kyrkjelydane for det komande året. Desse er attgitt nedunder :

- Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære.
- Ver med på spleiselaget for å få til ei betre fordeling av prestetenesta
- Ta vare på frivillige, lag fellesskap og gje opplæring slik at fleire kan bli med i det som skjer
- De må få i gang ei gjevarteneste i dei sokna som ikkje har det.
- Arbeid vidare med den spennande ideen om forum for samtale om tru.

Konfirmantandakt med middag

Konfirmantane får i utfordring å gjennomføra store delar av ei gudsteneste. Kjenner du ein konfirmant, høyrer du til kyrkjelyden eller har du lyst å vera med så er du hjartleg velkomen!

Fjon fjellkyrkje

Søndag 13. november

Andakt Klokka 11:00

Middag Klokka 13:00

Førebels påmelding onsdag 9. november til Helga på 91193612 eller

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

NB! Ta med ein tom isboks eller liknande for eventuell restemat!

Slik vel du digital postkasse

Masfjorden kommune ynskjer å sende brev til den digitale postkassa di. Er du klar til å ta imot?

I Masfjorden kommune jobbar vi aktivt med å digitalisere tenestene våre for å gi betre service til deg som bur og driv næring i kommunen.

I 2016 skal alle statlege verksemdar sende brev til den digitale postkassa du har valt. Mange kommunar vil gjere det same. Kommunane i Nordhordland har gjort ein avtale med «KS SvarUt», og vil i tur og orden ta i bruk det nye verktøyet – som gjer at vi kan sende digital post til deg.

Målet er at digital post skal erstatte dei fysiske breva i postkassa di. Digital post og e-post er ikkje det same.

Privatpersonar

Som privatperson kan du sjølv velje korleis du ønskjer å ta imot brev frå kommunen. Du kan velje mellom dei digitale postkassane Digipost og e-Boks, eller reservere

deg og framleis få papirbrev i postkassa di.

Digital post er gratis, tryggare enn all annan postgang og tilgjengeleg uansett om du er på hytta, reise eller heime. Dessutan er det lettare å ta vare på og finne att viktige brev, når dei ligg i ei digital postkasse.

Slik skaffar du deg ei digital postkasse:

1. Leit fram den elektroniske ID-en din, til dømes kodebrikka til din BankID. Du må identifisere deg før du kan velje digital postkasse.

2. Avgjer om du vil ha Digipost eller e-Boks. Du kan enkelt velje på www.norge.no/nn/velg-digital-postkasse.

Når du har oppretta ei postkasse hos Digipost eller e-Boks, hamnar den digitale postkasseadressa di automatisk i eit nasjonalt kontaktregister. Du får ein SMS som stadfestar valet ditt, og er klar til å ta imot digital post frå Masfjorden kommune.

Dersom du ikkje opnar den digitale posten din innan 48 timer, blir brevet skriva ut og sendt til deg via Posten.

Kan eg reservere meg?

Ja, alle privatpersonar har rett til å reservere seg mot digital post. Ønskjer du å få breva frå kommunen på papir – i postkassa di, kan du ringe ID-porten sin brukarstøtte på grønt nummer 800 30 300 eller reservere deg på heimesida til www.norge.no.

Næringsliv

Bedrifter kan ikkje reservere seg, og har berre eitt val: Du som driv næring vil få all post frå det offentlege på Altinn.

Kva må du som bedriftsleiar gjere?

Alle typar bedrifter må logge seg inn på www.altinn.no og registrere korleis dei ønskjer å få melding om eit nytt digitalt brev. Du kan registrere eit mobilnummeret, ei e-postadresse eller begge delar.

Normalt vil dagleg leiar vere registrert som brukar i Altinn. Skal andre i bedrifta handtere posten, må dagleg leiar gi vedkommande tilgang til bedrifta si meldingsboks i Altinn.

Hallo.... Hallo... kordan står det til?



Denne strofa til Knutsen og Ludvigsen handlar om å ringja til kvarandre fordi me bryr oss om kvarandre. Å blir høyr, sett og verdsett er noko av det som fyller tilværet med trivsel og meining. Ein god latter forlengjer livet heiter det, og latteren kjem lettast når me er saman med andre. Hallo... Hallo... er ei kursrekkje frivilligsentralen set i sving for å støtte, styrka og utfordra vårt mot til å bry oss, vår evne til å lytte og vår vilje til å gjera nettopp dette.

Har du nokon gong tenkt:
- «Kva skal eg sei no...?»
- «Han/ho skulle eg ha ringt til, det er altfor lenge sidan no...»
- «Eg skulle ha ringt, men eg vil ikkje trengja meg på i den situasjonen...»



Dersom du kjenner deg igjen i desse tankane og har lyst å læra meir om å lytta, sympati og empati så er du hjartleg velkomen på kurs. Den første kurskvelden har tittelen "Å lytta med både kropp, sinn og sjel".
Dag Torsdag 24. november
Tid 19:15 – 21:15 (18:45 – 20:15)

Pris Gratis
Stad Nordbygda skule
Tal Maksimalt 12 deltakarar
Frist 22. november
Påmelding til friv.sentr@masfjorden.kommune.no
tel 91193612 Helga Ekehaug

**Å lytta er meir enn å vera stille
Å lytta vert lettare når me kjenner oss høyr**

Varsel om oppstart av offentlig planarbeid - revisjon av arealdelen til kommuneplanen

Det vert med dette varsla at kommunen startar opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Uttalefristen er 02.12.2016

I medhald av plan og bygningslova §11-12 og §11-13 vert det med dette varsla at kommunen startar opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel. PlanID: 126620090002. Formålet med planarbeidet er å prøve å leggje betre til rette for bustadutvikling, lokalmiljø og næringsliv i kommunen.

Kommunestyret har i den samanheng vedteke å sende på høyring eit planprogram for planarbeidet - i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Planprogrammet inneheld viktige føringar og rammer for det arbeidet som skal utførast.

Forslaget til planprogram finn du også på tenestetorget i kommunehuset.

Merknader til planarbeidet kan rettast Masfjorden kommune **innan 02.12.2016.**

Du finn elektronisk høyringsskjema på kommunen si heimeside, [Sjølvhjelp](#) >>Skjema

Ansvarleg:
Masfjorden kommune v. plansjef
Austfjordvegen 2724,
5981 Masfjordnes

Eller på e-post til:
friv.sentr@masfjorden.kommune.no
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Forslaget må vera Frivilligsentralen i hende innan: onsdag 16. november.

Med velvyrd helsing
Helga Ekehaug
Dagleg leiar
Masfjorden Frivilligsentral

Frivilligprisen 2016

Den 5. desember er "Den Internasjonale Frivillighetsdagen" oppnemnt av FN.

Styret for Masfjorden Frivilligsentral vil også i år feira det frivillige arbeidet ved å dela ut ein frivilligpris. Me deler ut prisen på eit **tidspunkt** og ein **stad** som høver.

Prisen skal gjevast til ein initiativrik person som med sine idear og/eller handlingar har betra trivsel og livskvalitet for andre. Det skal vera ein person som med sine idear og sitt pågangsmot har medverka til eit meir ope, aktivt og trygt

samfunn. Innsatsen som vert gjort må vera på frivillig basis, anten gjennom frivillige organisasjonar eller som tenester ut frå personleg initiativ.

Frivilligsentralen ber om forslag på kven som har utmerka seg til å få Frivilligprisen 2015. Send inn forslag der de skriv kven de ynskjer å gje frivilligprisen til, alderen til personen og litt om på kva måte vedkomande har merka seg ut som kandidat til prisen. Send forslag skriftleg til: Masfjorden Frivilligsentral Austfjordvegen 2724 5981 Masfjordnes

Nytt frå kulturskulen

Kulturskulen med CD-slepp og filmpremiere

Kulturskulen inviterer alle til å vera med på opning av eit skikkeleg Kinderegg torsdag 24.november. Me feirar

- premiere på teatergruppa sitt skodespel og film, «Kampen i skogen»
- utgjeving av kulturskulen sin jule-cd og Jo Ronald Mjanger sin nye cd

Filmframsyning –smakebitar frå cd-ane - song og musikkinnslag - enkel servering

Stad: Sandnes skule

Tid: Torsdag 24.november kl . 18.00



Også under bispevisitasen representerte kulturskuleelevar Masfjorden kommune på ein framifrå måte, mellom anna med innslag på frivilligfesten på Dalsøyra.

lydopptak for deg. Du kan så få det levert som lydfil eller på CD (også med bilete og cover om ynskjeleg)

Ta kontakt om det er interessant.

Mvh Jon Martin Skauge - www.jonm.no - jmsmusikk@gmail.com

Kulturskulen har huskonsertar på skulane

Matre skule: Måndag 7.november kl 11.50

Nordbygda skule : Torsdag 10.november kl 11.50

Sandnes skule : Tysdag 15.november kl 11.15

1.-7 klasselevar i kulturskulen syng og spelar for barnehage, 1.-7.klassingar , slekt og vener .

Velkommen!

Digitalisering av gamle lydopptak

Har du gamle kassett- eller båndopptak av kjentfolk eller familie som du ynskjer å ta vare på for framtida? Eg har nyleg anskaffa meg båndmaskin og kan både restaurera, forbetra og overføra alle slike

Julekonsertane 2016

Laurdag 10.desember kl 1800 Sandnes kyrkje

Søndag 11.desember kl 1500 Frøyset kyrkje

Søndag 11.desember kl 1800 Solheim kyrkje

Tysdag 13.desember kl 1700 Sjukeheimen

Kor, korps, organist, kulturskulelevar m.fl. deltek

Gratis HPV-vaksine til kvinner fødde i 1991 og seinare

Alle kvinner som er fødde i 1991 og seinare, får frå hausten 2016 tilbod om gratis vaksine mot humant papillomavirus (HPV-vaksine) gjennom eit toårig vaksinasjonsprogram. Programmet startar opp i november 2016. Vaksinen er tilrådd til unge kvinner for å førebyggje livmorhalskreft og forstadium til livmorhalskreft forårsaka av HPV-infeksjon.

HPV-infeksjon er den vanlegaste seksuelt overførbare infeksjonen i verda. Dei fleste som er seksuelt aktive blir smitta i løpet av livet, mesteparten av dei i ung alder. Infeksjonen er som regel ufarleg og går over av seg sjølv,

men somme får ein vedvarande infeksjon som på sikt kan føre til livmorhalskreft. Kvart år får om lag 300 kvinner i Noreg livmorhalskreft og 65-100 døyr av sjukdomen. Vaksinen kan gi vern sjølv om ein har debutert seksuelt.

HPV-vaksine har vore ein del av barnevaksinasjonsprogrammet til jenter i 7. klasse sidan 2009. Frå hausten 2016 kan uvaksinerte kvinner som er fødde i 1991 og seinare, også få tilbod om gratis HPV-vaksine. Tilbodet er mellombels og varer i ein toårsperiode frå hausten 2016. Vaksinasjonen består av tre vaksinedosar gitt over 6-12 månader og må derfor startast opp innan utgangen av 2018.

Første vaksinasjon vert på **Masfjorden helsestasjon 19. november 2016 kl. 10 – 12.**

Ta gjerne kontakt dersom tidspunktet ikkje passer og du ynskjer time.

Meir informasjon om HPV og HPV-vaksine:

Folkehelseinstituttet si nettside: www.fhi.no/hpv-vaksine

Helsing
helsesøstrene i Masfjorden
Marta og Randi
Telefon : 56 16 63 13
99 52 68 51
40 80 16 40

Intervju med helsesyster Marta Midtbø

Marta Midtbø er ei 60 år gammel blid og sprek bondekvinne som bur på Risnes i Masfjorden, og jobbar som helsesøster i kommunen. Denne gongen var det henne eg tok turen til ein seinsommandag i juli, for å få vite litt meir om henne og hennar yrke.

Kan du fortelje litt om deg sjølv og oppveksten din?

Eg vart født i Bergen, og vaks opp på familiegarden på Midbø i Masfjorden. Eg er nummer tre i ein søskenflokk på fire. Når du veks opp på ein gard vert du tidleg vant til å jobbe, så eg byrja tidleg med å hjelpe foreldra mine på garden – i byrjinga med husarbeid og liknande, og var etter kvart stadig meir med i floren og gardsdrifta elles. Då eg gifta meg bestemte eg meg for å behalde etternamnet mitt, då eg er stolt av både namnet og staden.

Kva må til for å bli helsesøster, og kvifor valgte du dette yrket?

Ein må fyrst utdanne seg til sjukepleiar, og deretter ta eitt år vidare med helsesøsterutdanning. Eg gjekk på Høgskulen i Bergen, og valgte dette yrket fordi eg hadde lyst til å arbeide med born og unge.

Kor lenge har du jobba som helsesøster?

Eg har hatt fast stilling som helsesøster i Masfjorden sidan 1994, men var òg innom i vikariat før dette.

Kva går jobben din ut på som helsesøster i Masfjorden?

Mykje, men primæroppgåvene er oppfølging av born etter fødsel, vaksinasjonar og helsekontrollar. Utover dette er arbeidsoppgåvene mange og varierte, med mellom anna tett tverrfagleg arbeid med barnehage, skule og andre helseprofesjonar, rettleiing av foreldre, småbarnstreff for nybakte mødre, oppfølging og rettleiing av born og unge med særskilde behov eller utfordringar, dokumentasjonsarbeid, og

undervisning i mellom anna MOT og Zippys venner.

Kor tidlig byrjar du oppfølging av borna, og kor lenge følgjer du dei?

I fylgje retningslinjene har ein som helsesøster oppfølging av born og unge i aldersgruppa 0-20 år, men ein har høve til å fylgje enkelte lenger ved behov, om ein ser dette som naudsynt.

Kva vil du anbefale folk i Masfjorden å gjere for å ta vare på helse si og få eit sunt og godt liv?

Det er mykje eg kunne anbefalt, men det aller viktigste er å kunne «lyse på seg sjølv», og klare å sjå at ein er god nok som ein er, og sjå dei positive sidene ved seg sjølv. Utover dette er det viktig å halde seg i rørsle, få i seg nok og riktig mat, nok søvn, ha nokre gode vener og ein god familie.

Kva likar du å gjere på fritida di?

Eg elsker å vere ute i naturen, og særleg gå turar i fjellet. Eg er òg glad i å trene, og å kjenne at eg har ein kropp som lever. Eg er òg glad i å lese, strikke og høyre på musikk, og likar å vere med folk som gir meg energi.

Kva er den finaste turopplevinga du har hatt?

Det var når eg og jentene mine reiste til Kilimanjaro i 2013. Det var ein både utfordrande, kjekk og tøff tur, kvar me tre vart endå tettare knytt saman.

Kva er ditt favorittfjell?

Sleirsfjellet. Det er så lett tilgjengelig, og eg kjenner stien godt der, så kan gå uansett vær.

Kva er favorittprogrammet ditt på TV?

Eg ser nesten ikkje på TV, så eg veit ikkje heilt. Men eg likar Greys Anatomy og CSI Miami. Så ser eg som regel nyheiter ein gong for dagen, gjerne kveldsnytt.

Kva er det verste måltidet du har ete?

Fiskesuppe – då eg var lita vart eg tvungen til å ete fiskesuppe, som eg ikkje tykte var noko godt.



Det gjorde at eg ikkje likte det gjennom heile oppveksten. Men no likar eg det, og kan gjerne lage det sjølv og.

Kva er den beste matopplevinga du har hatt?

Å få maten servert i godt selskap. Gjerne hjort – eg er veldig glad i ein god hjortemiddag.

Kva er favorittgruppa / favorittartisten din?

Eg har ein veldig allsidig musikksmak, men Vamp må vere ein av favorittane.

Kva er favorittsangen din?

Det er så mange flotte songar, men her òg no kjem eg på «Ein liten fuggel»; «Men går eg øve engene» og «Tirna Noir»

Kva er din verste uvane?

At eg går veldig fort – eg får stadig kjeft for dette av familien. Så snakkar eg fort når eg blir ivrig, og kan vere «skumpete» når eg serverar folk.

Kva er din beste egenskap?

At eg bryr meg veldig om at andre har det bra, både heime og på jobb.

Kva trur du at du gjer om ti år?

Då er eg pensjonist, og er forhåpentligvis frisk og har tid og krefter til å gjere det eg ynskjer.. Så då skal eg nyte livet saman med familie og barnebarn.

Jo Mjanger

Adressefelt for utanbygds abonnentar :

Vinterpostar 2016/2017

På nytt vert det lagt ut vinterpostar her på Sørsida. Me håpar at dette tilbodet kan gjera sitt til at ein held seg i aktivitet i dei månadene som no ligg framfor oss. Det er lagt ut sju postar med grei tilkomst. Postane ligg ute frå 1.november og fram til fjellvandarfesten vert arrangert, truleg i slutten av mars. Når det gjeld vinterpostane, vert det dei med flest besøk som vert premiere på fjellvandarfesten. Såleis kan ein då t.d. berre gå på ein post, eller på nokre få postar. Elles vert det ikkje påmelding og betaling for å vera med på dette opplegget. Postane vert som før merkte med raud-kvite band. Hugs å leggja bøkene godt inni posane for å unngå at dei vert våte.

Her er oversikta over vinterpostane :

1. **Ved enden av skogsvegen opp mot Totlandssetra** Posten heng i ei lita fure.
2. **Timrekleiva**, på innsida/autsida av Storevatnet i Nørlandsdalen, fint å kombinera med ein tur rundt vatnet. Posten heng i ei fure like ved skogsvegen.
3. **Stemmevatnet** (Sandnesvatnet) Posten heng i ei bjørk.
4. **Håvarden** Posten ligg i varden.
5. **Mjangerssetra** Posten heng på seterveggen.
6. **Blådalsvatnet** Posten heng på gjerdet ved hytta til kraftverket oppe ved dammen.
7. **Melshovden** Posten ligg ved varden.

God tur !
Fjellvandrarkomiteén



Kontaktinformasjon :

Telefonnummer til kommunen sitt sentralbord : 56166200
Postadressa til kommunen : Masfjorden kommune,
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

E-postadressa til kommunen :
post@masfjorden.kommune.no
(Ved bruk av e-post - hugs å ikkje legge inn personleg informasjon i meldinga.)

Øvrig kontaktinformasjon for tilsette i kommunen finn ein på kommunen si heimeside.
<http://www.masfjorden.kommune.no>

Kyrkjekontoret når ein via kommunen sitt sentralbord :
56166200
Direktenummer til soknepresten: 56166263

Øvrig kontaktinformasjon for tilsette og tillitsvalde i kyrkja finn ein på kyrkja si heimeside :
<http://masfjorden.kyrkja.no>

Om Masfjordingen :

“Masfjordingen” er eit meldingsblad for Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn. Bladet vert gjeve ut av sokna i samarbeid med kommunen. Bladnemnd er Helga Ekehaug og Frode Vee-Haugen. Formgjeving er ved Rune Garmann.

Adressa til bladet er Masfjordingen,
Masfjorden kommune,
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes.

Bankgiro 3635.71.04216